

### Referat årsmøte Hordaland Sau og Geit 15 & 16 februar 2013

#### Thon Hotel Sandven, Norheimsund

Flersteparten av utsendingane til årsmøte møtte fredag 15. februar til faginnlegg v/Svenn Arne Lie, med tema "En nasjon av kjøttkuer".

Føredraget blir lagt ut på heimesida til HSG.

Etter faginnlegget vert den årlige årsmøtemiddagen med lam på menyen med tilbehør. Utdeling av pokaler for beste værere 2012 og underholdning som Kvam Sau og Geit stod for.

#### Årsmøtesaker:

##### Sak- 01: Opning og velkomst:

Ordførar Asbjørn Tolo: Velkommen til Kvam Kommune og Norheimsund. Velkomen til det nye og flotte hotellet me har fått. Dette er me stolte av!

Her er det mange som har jobba bra for og få dette til.

Kommunen er 90 km lang, har 8500 innbyggjarar- av desse bur 80% i einebolig.

Det er ei rekke med industriverksemdar i kommune. Ca. 800 pendlar og har arbeid i andre kommunar eller ofsjoff. Ca. 300 pendlar dagleg til Bergen.

Landbruket er ei viktig næring for Kvam

Oppdrettsnæringa er og stor i kommunen.

Ordføraren tek oss med på " billedreise" gjennom kommunen der han viser oss bygdar og fjell.

Leiar i Kvam Sau og Geit, Tarjei Aalvik, ønske og velkommen til Norheimsund. Kvam Sau og Geit består av tidlegare 3 lokallag som er slått saman til Kvam Sau og Geit, som i dag har 101 medlemmer.

Det er ein positiv trend i kommunen der fleire auker opp med sau. Ein av grunnane er bruk som ar sluttar av med mjølkeproduksjon og som då auker opp med sau eller startar opp med sau.

Lokallaget står for kåringa- eit vårmøte og eit haustmøte. Her er ein god "trend" for tidal

Her er ein "Ny Giv"!

Leiar Nils Inge Hitland sin tale til årsmøte:

"Takk for god stemning"! Det er kjekt at så mange møter på årsmøte!

Også 2012 har hatt sine utfordringar for sauene i Hordaland. Sein vår- mykje snø i fjell- dette førte til gode fjellbeite og fine lam.

Også dette året vart det produsert for lite lam, ca. 7 % av all lammekjøtt- forbruk i 2012 var importert lam.

HSG har sarta opp strategien for "Fleire lam til slakt" I Hordaland er det mange fjellområder som det ikkje beitar sau på og dette skulle me gjerne utnytta betre. I Hordaland er det 103 organiserte beitelag.

Saueavlen er inne i ein god prosess med kåringa som høydepunkt. Spredning av gener ute i besetningane er viktige for framgangen.

Har god tru på framtida, mange blir inspirert av at andre bygger saufjøs.

Lam frå Norge er best i verden!

HSG vil gjera sitt for for ei god utvikling!

Takk til alle for godt samarbeid!

Under årsmøte laurdag holdt Sigmund Fosberg frå Nortura innlegg salg av lam og nisje produksjonar.

Han tok for seg sal av kje, villsaulam og lam inn mot kjedane og korleis kjedane byr ut produkta til forbrukare.

Eit intresant innlegg!

## **Sak- 02: Namneoppdrag**

4 lokallag hadde ikkje utsendingar. I alt 45 stemmeberettiga

Gjester: Arne Lie, (fredag) Sigmund Fosberg, Nortura, Øyvind Jakobsen frå ring og Turid Bjørndalen Njåstad Hordaland Bondelag.

### **Sak- 03: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Godkjent.

### **Sak- 04: Val av 2 personar til og skriva under møteboka**

Alf Angelskår og Ola Steinsland blei valt.

### **Sak- 05: Årsmelding**

Leiar Nils Inge Hitland gjekk gjennom årsmeldinga

- Heimesida har hatt ei god utvikling med gjennomsnittsbesøk på 100 pr. dag
- Kåringa i fylket er godt utvikla og eg vil spesielt trekkja fram kåringa på Austerheim med stort publikum. Etter denne kåringa var besøket på heimesida på 244 på ein dag!
- Fleire lokallag med heimeside
- Medlemstallet til HSG er nå 1482 medlemmer
- Leiar beklaga at ikkje all aktivitet som HSG har hatt i 2012 er komt med i årsmelding

Anita Jordalen gjekk gjennom medlemslistene og det arbeidet som styret legg opp til i forbindelse med vervekampanje. NSG har laga ein follar "Om NSG" som skal brukast i forbindelse med verving.

Anders Konglevoll: All aktivitet til HSG må vara med i årsmeldinga

Kva med beiteprosjektet?

Svar: Møteleiar meinte årsmeldinga burde komma ut til medlemme tidlegare enn den har gjort

Beiteprosjektet er eigd av Fylkesmannen. HSG legger ikkje inn pengar her

Tore Atle Sørheim- Leiar avlsutvalet, orienterte om arbeidet i avlsutvalet 2012

- Flott kåringskurs her i Norheimsund
- Kåringa er viktig dette er møteplassen for mange
- Sjøet på Austerheim var landes nest største!
- Godt avlsarbeid i Hordaland
- Har landes beste værere
- Takk til alle dommarar og andre som deltek i kåringa for flott arbeid

Anders Konglevoll: Berre positive tilbakemeldingar etter kåringa på Austerheim

Nils Inge takka spesielt dommarane for det gode arbeidet som blir gjennomført. Er det nye personar som har lyst til og bli kåringsdommarar, send inn forslag

Gjetarhundnemnda v/Bjørn Atle Nesheim: Det er stor aktivitet i gjetarhundmiljøet i fylket. Ein er nå godt i gang med planlegginga av NM 2013 som skal haldast i Myrkdalen. Takk til alle

som stiller opp og takk til alle som bidreg med økonomisk støtte. Dette er me heilt avhengige av skal me lukkast.

### **Årsmelding godkjent**

#### **Sak- 06: Rekneskap**

Steinar Steine gjekk gjennom rekneskapen. Etter at ein slo saman fleire kontoar som HSG brukte, er renteinknten blitt mykje større.

Såørsmål:

Ole Andreas Våge: Kvifor budsjett- HSG har penger på bok kvifor ikkje bruke meit på aktivitetar

Eilev Veseth: Er kåringsavgifta for høg? Svar: Den balanserar utgiftene i dag og det skal den!

Anders Konglevoll: Skulle kåringsdommarane fått betre betalt? Det er viktig at dei får betalt for det arbeidet som dei gjer!

Eilev Veseth: Skulle alle som kåra fyrste gong slept kåringsavgift?

#### **Rekneskap godkjent**

#### **Sak- 07: Val**

Leiar i valnemnda, Mons Kjetil Vevle gjekk gjennom innstillinga frå valnemnda. Valet blei leia av møteleiar.

- Val av leiar for 1 år: Nils Inge Hitland valt med 44 stemmer 1 blank

#### **Sak- 08: Val av styremedlemmer**

Desse blei valt:

Egil Øvstebø: 44 stemmer 1 blank

Anita Jordalen: 44 stemmer 1 blank

#### **Sak- 09: Val av nestleiar**

Reidar Kallestad valt med aklamasjon

**Sak- 10: Val av varamedlemmer for 1 år til styret**

Desse blei valt:

1 vara: Per Martin Vatna

2 vara: Knut Sygnestveit

3 vara: Kjartan Bergsvåg

**Sak- 11: Val av utsendingar til landsmøte**

Desse blei valt:

Nils Inge Hitland

Reidar Kallestad

Steinar Steine

Egil Øvstebø

Anita Jordalen

**Vara i nr. rekkefølge**

Desse blei valt:

Kåre Hole

Knut Sygnestveit

Gunnstein Sætre

Eilev Veseth

Mons Kjetil Vevle

**Sak- 12: Val av møteleiar til årsmøte 2014 med vara**

Martin G. Haugland, vara John Karsten Raunholm

**Sak- 13: Godtgjersle til leiar og styremedlemmer**

Under denne sak kom det forslag på og høyna dagsattar for styremedlemmer.

Etter forslag frå årsmøte: Godtgjersle til styremedlemmer samme dagsats som NSG brukar kr. 1.300.- per dag.

Presisering av vedtak:

Leiar og nestleiar mottak i 2013 også møtegodtgjersle i høve til NSG sin møtegodtgjersle i tillegg til sine faste godtgjersle.

Etter debatten blei følgande forslag vedteke:

- Styreleiar: Kr. 23.500.- per år
- Nestleiar: Kr. 12.000.- per år
- Dagsats for møter til alle i styret lik sats som NSG kr. 1.300.- per dag.

#### **Sak- 14: Val av valnemnd til årsmøte 2014**

- |                                  |                       |
|----------------------------------|-----------------------|
| - Reg. 3: John Vik               | Vara: Kåre Engeseth   |
| - Reg. 5: Ingun HildonenTeigland | Vara: Lars Norheim    |
| - Reg. 6: Kyrre Manger           | Vara: Inga W. Rørlien |
| - Reg. 7: Siren Bryn             | Vara :Ivar Haug       |

Ny leiar for valnemnda er Ola Steisland

#### **Sak- 15: Innkomne saker**

Ingen innkomne saker

#### **Sak- 16: Arbeidsplan 2013**

Egil Øvstebø la fram forslag til arbeidsplan for 2013.

Spørsmål som blei stilt under behandlinga:

- Ole Andreas Våge: Er det mange lokallag som er "døde"
- Svar: Nei, dette er eit arbeid HSG er i gang med.
- Mons Kjetil Vevle: Nettsida er gratis, kvifor ikkje bruke pengar på denne?
- Svar: Brukar ca. 1 time per artikkel som blir lagt ut (ca. 45 timar per år)
- Magnar Stien: Har me valt nokon til å utføra det arbeidet som blir gjort på heimesida eller er det berre "good vill"?
- Svar: Heimesida er viktig for markesføringa av HSG
- Jan Atle Jensen: Styret bør utnemna ein nettredagtør
- Svar: Dette vil styret sjå på
- Tarjei Aalvik: Er det noko lokallaga kan få i for av gaver som kan brukast med verving av nye medlemmer?
- Svar: Styret har i forslag til budsjett sett av kr. 20.000.- til dette arbeidet for 2013. Om dette blir godkjent vli styret beslutta korleis desse pengene skal brukast. Vetner og på

lister frå Fylkesmannen for og sjå kven som søker prod. tillegg for og kunna få fleire som medlemmer til HSG.

- Knut Sygnestveit: Korleis tenkjer HSG videreføring av prosjektet?
- Svar: Aktivitetsplan farm til hausten er klar. Lokallaga må berre komma med innspel for aktivitetar. Lokale feltforsøk er og aktuelt og gjennomføra.
- Kåre Hole: Har ikkje kontroll på kven som er medelemer, dei som ikkje betalar, blir dei purra på?
- Venter på eit betre medlemsoversikt frå NSG. NSG held på med eit nytt medlemsregister.
- Tore Atle Sørheim: Stemmer dette- kan vara vanskeleg og oppdaga om der er medlemmer som ikkje har betalt
- Eilev Veseth: Korleis går dem med planlegginga av fagtur til Island?
- Svar: Planen var og gjennomført fagtur i 2013. Men kort påmeldingsfrist førte til at HSG har utsatt turen til 2014.

### Arbeidsplan for 2013 Godkjent

#### Sak- 17: Budsjett for 2013

Nils Inge Hitland la fram forslag til budsjett for 2013.

- HSG skal bruka midlar i forhold til verving av nye medlemmer
- Fagmøter blir overført til prosjektet

Ole Andreas Våge: Er opptatt av at leiar ikkje må subsidiera kostnaden med å vara leiar i HSG med egne midlar.

John K. Raunholm: Dette går for fort! Kvifor kjem ein ikkje med innspel til valnemnda på godtgjersle til styret? Kva med alle andre som er leierar av nemnder i HSG? Kva får dei? Her må ein ha ei skikkeleg utgreieng til neste årsmøte.

Ola Steinsland: Forslaget er sendt ut til alle lokallaga, men få og ingen tilbakemeldingar.

**Vedtak: Godkjent med dei endringane i forhold til godtgjersle til styremedlemmer og med presisering av:**

**Årsmøte ber om at valnemnda til neste årsmøte går i gjennom alle honorardningar som gjeld i Hordaland Sau og Geit. Ein må også på m. a. honrarsatsar for avlsutvalet og gjetargundnemnda.**

Anita Jordalen og Egil Øvstebø takka for tilliten.

Nils Inge Hitland takka og for den tilliten årsmøte har vist. Han takka og alle årsmøtedeltagerane for eit godt årsmøte!

Ref.

Karluf Håkull

*Ola Steinsland*  
*Ny Ruzelskai*